

Øy Nytt

Kyrkjeblad for Øygarden



SKRIK-aksjonen

Konfirmantar samlar inn til Strømmestiftelsen torsdag 6. april.
Sjå meir om prosjektet på baksida.

Foto: ONT

I dette nummeret kan du m.a. lesa:

På barneheim i Bolivia	side 4
Barnesida.....	side 5
Konfirmantar dette året.....	side 6
Etter lærenemnda.....	side 7, 8 og 9



Til Lammets måltid får vi gå

*"Til Lammets måltid får vi gå
Med frelsens hvite kledning på
Igjenom havet gikk vår gang,
la Kristus hylles med vår sang!"
(NoS 138,1)*

Med den gamle 500-talssalmen ønskjer eg dykk vel møtt til gudstenestene i påskehøgtida. Som døypte og truande skal vi saman få lovsynge Kristus, Frelsaren og Sigerherren, og få ta del i Lammets måltid.

Og vi skal få gjere det med "Den store Lovsongen"-Øygardsliturgien-som sokneråda har vedteke brukt i prestegjeldet ut 2007.

Bakgrunnen er ein ny liturgirevisjon som er igongsett i Den norske kyrkja, der lokale prestegjeld er inviterte til å ta del. Revisjonen skal denne gongen ikkje vere så omfattande som i 1977, men gje meir høve til variasjon.

Vi tok utfordringa, for dette gav oss eit godt høve til å setje saman ein lokal gudstenesteordning, som kan skape vår eigen merkevarer og identitet. fast i struktur, men fleksibel i form. Vi har òg opna for fleksibel bruk av tilgjengelege salmebøker, med NoS og Songboka i spissen. Dette er viktig for å samle Guds Folk, i møtet med born, unge og unge heimar, og i kyrkjesituasjonen.

Det er samla stoff frå fleire tradisjonar:

- Søndagsskule
- Bedehus
- Karismatikk
- Klassisk lutherdom
- Økumeniske samanhengar
- Oldkyrkja
- Eksisterande liturgiar frå 1920, og 1977/1983.

Bruk av band, moderne hjelpemiddel og stor deltaking av born, unge og andre interesserte er eit mål. Alt skal vere bygd på Skrifta og dei oldkyrkjelege og lutherske vedkjeningane. Ta gjerne ein titt på det stoffet vi har laga så langt og som ligg på nettsidene våre:

<http://www.kyrkja.net/euky.htm>

<http://www.kyrkja.net/eukp.htm>

Prosjektet fell saman med ei stor oppgradering av kyrkjene våre. Kom og ver med. Gje innspel i prøveperioden for å få resultatet best mogleg. Og, velkomne då, til påskefeiring i Øygardskyrkjelydane:

*"For Kristus er vårt påskelam,
det offer som ble båret fram.
Det er hans eget, sanne kjød
Som rekkes oss i usyrt brød.*

*Guds Lam, du sanne livets brød,
Som helveds makt og velde brøt!
Forløst til liv fra dødens tvang
Går folket ut med jubelsang."
(NoS 138,4-5)*

sokneprest@kyrkja.net



Den norske

ØyNytt – kyrkjeblad for Øygarden

Utgjevar: Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar
Redaktør: Odd N. Thormodsæter
Kontingent: Min. kr 100,- pr. år innan kommunen
Min. kr 150,- pr. år utanom

kommunen
Takkeannonsar: kr 100,-
Kontonn.: 3628 07 02557
Layout/trykk: Grafisk Team AS
Distribusjon: Hurtiglevering, Tjeldstø
tlf. 98 66 53 29

Kyrjekontoret:

Vitjingsadresse: Helse- og tenesteseneteret, Rong
Postadresse: Boks 144, 5331 Rong
Telefon: 56 38 22 40
Faks: 56 38 22 41
Vakttelefon: 56 38 22 44
E-post: kontor@kyrkja.net

Internettider: kyrkja.net

Opningstid: måndag – fredag 0900 – 1500

Tilsette:

Kontorsekretær Kari Sandøy Rong
e-post: kontor@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 40

Kyrkjelydspedagog Rannveig Vestbøstad Vik
e-post: kyrkjelydspedagog@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 47

Kantor Anne Lise Grøm - permisjon

Organistvikar Torgeir Landro
e-post: torgeirlandro@hotmail.com

Sokneprest Svenn Martinsen
e-post: sokneprest@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 44

Kyrkjevevje Odd N. Thormodsæter
e-post: kyrkjevevje@kyrkja.net
tlf. 56 38 22 43

Kyrkjene:

Blomvåg kyrkje tlf. 56 38 70 22
e-post: blomvag.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/gravar: Kåre Kristoffersen
Mobil 97 72 72 21
Klokkar: Ole Vik

Hjelme kyrkje tlf 56 38 80 30
e-post: hjelme.kyrkje@kyrkja.net
Kyrkjetenar/gravar: Kari B. Solheimslid
Mobil 9772 74 57

Råda:

Blomvåg sokneråd: Leiar: Bente H. Guntveit
Hjelme sokneråd: Leiar: Atle Dävøy
Øygarden
kyrkjelege fellelråd: Leiar: Gustav Landro

Teamet 05/06: tlf 45 27 67 35
Barnearbeidar: Kari Skår tlf. 56 38 22 46

**Frist for stoff til
nr. 3/06 er 15. mai
Til abonnent 1. juni**



Generalsekretær Stein Mydske i Det Norske Bibelselskap har skrive påskeandakten.

Kom og sjå!

Matteus 28, 1- 8:

Då sabbaten var til ende, og det tok til å ljøsna fyrste dagen i veka, kom Maria Magdalena og den andre Maria og ville sjå til grava. Då kom det brått eit kraftig jordskjelv; for ein Herrens engel steig ned frå himmelen, gjekk fram til grava og velte steinen ifrå og sette seg på han. Han var som lynet å sjå til, og kledda hans var kvite som snø. Vaktmennene skalv av redsle då dei såg han, og dei vart liggjande som døde. Men engelen tala til kvinnene og sa: «Ver ikkje redde! Eg veit at de leitar etter Jesus, han som vart krossfest. Han er ikkje her; han er oppstanden, som han sa. Kom og sjå staden der han låg! Skunda dykk av stad og sei til læresveinane hans: Han er oppstaden frå dei døde, og no går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han. No har eg sagt dykk det.»

Dei skunda seg då bort frå grava, redde, men jublande glade; og dei sprang av stad og ville fortelja det til læresveinane.

Sørgjande kvinner som søker til grava. Jorda som skjelv. Herrens engel som stig ned frå himmelen og er som lynet å sjå til der han rullar steinen til sides og set seg på han. Vaktmenn som skjelv av redsle. Dette er ramma rundt den viktigaste hendinga i Bibelen: Jesu oppstode frå dei døde. Paulus skreiv slik til kyrkjelyden i Korint: "Men har ikkje Kristus stått opp, er bodskapen vår gagnlaus og trua dykkar gagnlaus" (1 Kor 15,14).

Jesu siger over døden stadfestar at Gud ikkje overgir oss til meiningsløysa, til redsla, sorga og tomleiken. Han gir alltid framtid og von, jamvel om vi ofte ikkje ser det når sjukdom, ulukker og katastrofar råkar blindt. Det engelen seier til kvinnene, viser oss vegen vidare. Det er ein veg der redsla blir bytt ut med nyfikne: "Kom og sjå staden der han låg! Han er ikkje her, han har stått opp, slik han sa." Det er ein veg til ein ny møtestad. "No går han føre dykk til Galilea; der skal de få sjå han." Læresveinane og kvinnene gjekk dit og møtte Jesus.

I dag møter Jesus oss i bibelforteljinga som gir oss mot til å leva vidare trass i alt det vonde vi opplever, på trass av frykt og nederlag. Læresveinane og kvinnene skulle ikkje gå til templet i Jerusalem for å møta Jesus, men til Galilea. Somme av dei møtte han på vegen til Emmaus. Somme møtte han då dei var samla i ein privat heim. Somme møtte han medan dei åt. Somme møtte han på fjellet. Møtestadene vart heilage stader fordi Jesus var der. Jesus møter oss midt i livet, midt i kvardagen, midt i byen, langt ute på landet, medan vi er under vegs.

Kvinnene såg staden der han låg. No var han ikkje lenger der. Difor skunda dei seg bort frå grava og sprang for å fortelja det til læresveinane, for å ta dei med seg til dei nye møtestadene. Dei sprang med frykt og stor glede. Kom og sjå!

I dag er det vår tur til å skunda oss bort frå stadene der sorga, fortvilninga, saknet og tomleiken vil fanga oss, og gå til møtestadene der Jesus er, der det nye livet er. Kvinnene sprang for å fortelja det til læresveinane. Dei ville få dei med seg til Galilea. Sit ikkje åleine med det du har opplevd, spring vidare, fortel det til nokon og gå saman til nye møtestader. Kom og sjå kva den oppstadne Jesus vil visa deg der!



KPK Svinn -05

På barneheim i Bolivia

I utkanten av Cochabamba i Bolivia finn du ein koseleg liten barneheim, ved navn Villa Porvenir, som tyder framtid. Her bur det 6 jenter og 9 gutar i alderen 7-14 år. Det er ein herleg gjeng med blide, morsame og rampete ungar! Blant personalet finn me mor, to tanter og to frivillige, som i år er Britt Lene Thoresen, frå Lavangen, og Inger Marie Blom, frå Øygarden.

Barna kom her alle med ulike bakgrunnar. Det eine søskenparet som bur her, ei herleg og blid jente og litlebroren hennar, budde på gata med si prostituerte mor. Mora hadde lært dottera si opp til å stele. Så i ein alder av fire år, var ho profesjonell vesketjuv.

Medan tre av dei andre gutane vart forlatne av foreldra i fleire månadar av gongen, før dei kom hit. Då matte eldste guten på 11 år ta ansvar for sine to småbrødre på 5 og 8 år. Dei måtte ut på gata å vaske bilar og selge is for å tjene litt pengar. Dei kom meir og meir ustelte på skulen og til slutt slutta å komme litt etter litt. Slik har alle borna sin historie, som ikkje alltid er like kjekk å fortelje.

Her på barneheimen har dei det godt alle saman. Dei får skulegang, klede, sko, mat og ei god seng å sove i. Dei får oppleve at det er nokon som er glade i dei og bryr seg om dei. Dei har det stort sett mykje betre enn born flest i Bolivia.

Barneheimen høyrer ikkje til nokon organisasjon, men er privat drevet av Hanne Baardseth, frå Noreg, og Gladys F. Espinosa frå Bolivia. Hanne er også misjonær for Norsk Luthersk Misjonssamband. Ho jobbar no som lærar ved skulen Jesus Maestro, som også ungane går på. Dei to starta det heile av sparepengane sine. Deretter har dei drive vidare med gåver frå Noreg.

No heldt dei også på å byggje ein ny barneheim der dei etter kvart skal få inn nye ungar. Det er eit stort behov for barneheimar her i Bolivia og ikkje vanskeleg å fylle opp eit nytt hus.

I drifta tenkjer dei langt fram. Dei eldste er no 14 år og om ikkje så lenge vil dei nok føle seg for store til å bu her. Så no planlegg dei å byggje internat ikkje så langt ifrå barneheimen. Der kan dei eldste etterkvart flytte inn og bu for seg sjølv. Samstundes har dei moglegheit til å komme ned på barneheimen å få middag, hjelp til lekser o.l. Dei har også kjøpt opp fleire små tomter som barna kan kjøpe seg billeg når dei vert så vaksne at dei skal byggje seg hus. Så det dreiar seg altså ikkje berre om borna her og no, men også om framtida deira.

Eg vil med dette takke Øygarden omsorgssenter og Blomvåg søndagsskule som i haust og i vinter har samla inn flotte pengebeløp til barneheimen. Det vert verkeleg satt pris på og er bruk for gåvene! Hjarteleg takk!!

Helsing frå Bolivia og Inger Marie Blom (Mie).



Alle barna med mor, tante og dei frivillige



Underteikna saman med tre barn som går Lucia



Rafael og Juliana på veg til Kristusstatuen i Cochabamba

Ei glamelding som fortener ØyNytt-rosa!



Billetekst: Sandra Flåten og dei flittige jentene hennar, Kristine Marie og Amanda


Før jul var det nokre som ynskte å gjera noko ekstra for søndagsskulen sin, og det er jo alltid kjekt. Mor, Sandra Flåten, og jentene hennar, Kristine Marie og Amanda, byrja å selje kakeboksar med forskjellige kakesortar i. Etterspørselen var stor og inntekta blei deretter, heile 4000 kroner. Det er ei stor velsigning å ha slike foreldre. STOR TAKK til Sandra og familien.

På søndagsskulen vår er me gjennomsnittleg 20 barn og nokre

foreldre som samlast anna kvar søndag.

Her syng me, høyrer om Jesus og elles det som høyrer med til søndagsskulen. Me har lyst å oppfordra til bøn for dette arbeidet. Samstundes vil me også takka alle rundt om i kommunen som er med i bønn for søndagsskulane, borna og leiarane.

Helsing frå Tjeldstø søndagsskule



5-klassingane på leir!

Øynytt traff fire kjekke jenter på 5.klasseleiren 10-12.mars og stilte dei følgande påskespørsmål:

1. *Kvifor feirar vi påske?*
2. *Kan du ein påkesong?*
3. *Kva vil du helst finna i påskeegget?*
4. *Planar for påskeferien?*

Namn: Kristina Austbø, Bakken skule

1. Vi feirar påske fordi Jesus døydde og stod opp att.
2. Påkesong? På Golgata sto det et kors..
3. I påskeegget vil eg helst ha kinderegg!!
4. I påsken skal eg slappa av heime i lag med familien min.

Namn: Kamilla Hellesøy, Bakken skule.

1. Vi feirar påske fordi Jesus døydde på korset.
2. Eg har lært "På Golgata sto det eit kors" på søndagsskulen.
3. Eg satsar på at det er sjokolade og tyggis og mykje anna godt i påskeegget.
4. I påsken skal eg vera heima og kosa meg.

Namn: Gina Rytter, Bakken skule.


1. Jesus døydde på korset.
2. Eg lærte ein fin påkesong på Alvheimskulen. Den heitte: Folket er på veg. Den handla m.a. om Barrabas
3. Eg vert glad om det er sjokolade i påskeegget mitt!!
4. I påsken pleier vi å reisa til Hernar der vi budde før.

Namn: Tanja Gørbitz, Blomvåg skule.


1. Vi feirar påske fordi Jesus døydde og stod opp av grava.
2. Påskemorgen slukker sorgen. Det er den aller finaste påkesongen. Den har vi sunge både på skulen og på søndagsskulen.
3. Eg vil gjerne ha sjokolade i påskeegget.
4. Eg pleier å vera heima i påsken. Denne påsken skal eg til pappa.




Kristina



Kamilla



Gina




Tanja




Klar til innsats i sporleiken



Klatring i trær vart høgt premiert under sporleiken




Vår gale, men gode leiar Sarah!



Matti vann Marshmellows-tevlinga!

Dåpsskulen 2006

15 av seksåringane i Øygarden har i år vore med på dåpsskule! Vi har hatt fire samlingar, og 26.mars var vi samla til dåpsskuleavslutning på gudstenesta i Hjelme kyrkje. På dåpsskulen har vi lært meir om det som Bibelen fortel oss! Vi har laga mykje fint med hendene, og vi har ete, leika og sunge i lag! Lekser har vi og prøvd å hugse på..! Takk for fine samlingar. Helsing Kari og Rannveig



Marita Hellebø er ei av seksåringane som er med på dåpsskulen i år

Konfirmantliste

Blomvåg 29. april kl. 12:00

Marion Julie Alvheim
Veronica Helen Foldnes Dāvøy
Tor Aleksander Holt
Miia Katarina Korhonen
Linn-Christin Marthinussen
Peter Dale Risløv
Preben Johan Næss Ruud
Henriette Israelsen Strandheim
Kristoffer Engeberg Sæle
Miriam Fjellstad Sæle
Tord Båtevik Teigstad
Katrine Vik

Blomvåg 30. april kl. 12:00

Alette Dale
Sindre Eide
Katrine Halvorsen
Kristoffer Hæsken
Bjørn-Magne Talberg Johnsen
Ingebjørg Martinussen
John Arne Misje

Emil Skråmestø Reiten
Ketil-Andreas Toft
Iselin Toft
Tommy Andre Vik
Tor-Henrik Vik

Blomvåg 6. mai kl. 11:00

Espen Alvær
Stian Andersen
Idar Førde Blom
Kevin Blom
Stefan Halland
Trine Lise Hansen Johannessen
Carina Hjeltnes Magnesen
Isabell Michelsen
Teresa Duqaj Sandbakk
Joakim Steiro
Jan Erik Sæle
Ann-Veronica Leknes Torsvik
Ole Henrik Flekstad Vik

Hjelme 6. mai kl. 13:00

Aleksander Blom
Erik Davø
Simon Dāvøy
Ingvild Dāvøy
Helene Fjeldstad
Madeleine Margrethe Gundersen
Øyvind Hatten
Karianne Fjeldstad Andersen
Christian Jentoft
Helene Rosseland Legreid
Åshild Magnesen
Robert Myrland
David André Oen
Caroline Sanden
Stine Elise Sanden Sæle
Kent-Robin Tjong

Blomvåg 7. mai kl. 12:00

Therese Dale
Sarah Elise Guntveit
Karina Natalie Harkestad
Ann-Mari Oen Hellesund
Helene Herdlevær
Christoffer Rong
Isabell Miljeteig Rong
Julie Agathe Rong
Simon Haugetun Sebjørnsen
Jonas Johan Solsvik
Jannike Turøy

Årsmøta dette året:

Hjelme 23. mars på Skjergardsheimen kl 1800
Blomvåg 2. april etter gudstenesta

Korleis har du det...
EIGENTLEG?

Krisetelefon 815 33 300
SOS-Melding: www.kirkens-sos.no

 **Kirkens SOS**

EIT MENNESKE Å SNAKKE MED
NÅR LIVET ER SOM VERST

Stort utvalg i uteplanter

Stort utvalg i påskeblomstrar



Påskeliljer
i potte frå kr **12,-**

Blomsterbua

Rong senter

Telefon: 56 38 92 65
Postboks 107, 5331 Rong

vestbok

Pb. 2003 Vetrlidsallmenningen, 5828 Bergen

Eit utval bøker og CD-ar finn du på
kyrkjekontoret i Øygarden.

Nettbutikk: www.vestbok.no

Kransar på gravene

Kransane kjem til å bli fjerna siste veka før påske.

Dersom pårørende ønskjer å ta vare på desse, må dei hentast før denne tid.

To uforenlege syn i kyrkja

Lærenemnda i Den norske kyrkja (DNK) klarte ikkje å verta einige om kyrkja bør anerkjenne homofilt samliv eller ikkje.



Odd Bondevik



Laila Riksaasen Dahl



Finn Wagle



Ole D. Hagesæther

Lærenemnda presenterte 20.januar si innstilling om korleis Bibelen skal tolkast når det gjeld homofilisaka. 10 av medlemmane argumenterer for at kyrkja skal anerkjenne homofilt samliv, mellom dei fire biskopar, medan dei 10 andre medlemmane finn at kyrkja ikkje har bibelsk grunnlag for å anerkjenne homofilt samliv, også her fire biskopar.

- Uttalen frå Lærenemnda gjer reide for utviklinga i synet på homofili og homofilt sambuande i det norske samfunnet og i DNK og drøftar bibeltekstane som er relevante. Medlemmane er i hovudsak einige om korleis desse tekstane var meint den gongen dei vart skrivne: Homofili vart sett på som ei synd, "horkarar" kjem ikkje inn i Guds rike, dei må omvenda seg og leva eit "reint" liv i trua på Jesus. Berre slik kan Gud ta imot dei og dei kan verta brukte i tenester i kyrkjelyden.

Ueininge om bruken idag

Om Lærenemnda er samd i korleis desse tekstane skulle forståast då dei vart skrivne, deler dei seg i synet på korleis tekstane skal anvendast i dagens samfunn og i kyrkja. Biskopane Laila Riksaasen Dahl og Finn Wagle har tidlegare vore imot liberalisering i synet på homofili. No har dei skifta meining. Begge to har vore lærarar ved Menighetsfakultetet og har arbeidd imot akseptering av homofilt samlevande.

- I det nye møtet med tekstane slo det meg at den klassisk kyrkjelege haldninga til homofili ikkje stemte med det mønster Jesus viste i møte med menneskje, særleg med dei som var utstøtt. Jesus løfta desse opp og stadfesta deira liv. Farisearane som brukte lovens bokstav, vart refsa av Jesus fordi dei ikkje hadde gripe loven si djupare meining, nemleg kjærleiken til Gud og sin neste, seier Riksaasen Dahl.

- Ho meiner vi har ein annan kultursituasjon i dag. Paulus skreiv i ei tid som var heilt ulik vår tid. Dette har ført til at Kyrkja har endra ståstad på ei rekkje område. Kvinner og slavar vart lenge halden nede, men ein annan forståing av Jesu bodskap og kultursituasjonen har bidratt til at vi i langt større grad har fått ein breiare aksept for likeverd, seier biskopen i Tunsberg.

Alle like verdifulle

Dei ti konservative i Lærenemnda slår fast at forkynning av eit bibelsk nei til homofilt samliv ikkje krenkar menneskeverdet. Alle menneske er skapte i Guds bilete og er like verdifulle for Gud uansett rase, religion, sosial status eller seksuell orientering. Men dette fråtek ikkje mennesket ansvar for å leva etter dei bibelske retningslinjer for livsførsel.

- Hos Paulus finst det ikkje antydning i retning av å bruka nestekjærleiksbodet til å svekka forbodet mot homoseksuelle handlingar. Her er det ikkje dekning for å spela Jesus ut mot Paulus, skriv dei ti.

- Ei evangelisk-luthersk kyrkje kan ikkje innretta sin etikk etter interesser og ynskjer som ikkje har grunnlag i Skrifta. Gjennom vår tolking av dei bibelske tekstane i lys av vitnesbyrdet om Kristus, er vi på ny komen til at det ikkje er dekning for å seia ja til homofilt samliv, skriv dei.

Biskop Ole D. Hagesæther meiner kyrkja ikkje kan ha to uforenlege syn som norm i homofilisørsmålet.

- Det er heilt klart at dei aktuelle bibeltekstane slik dei står, konsekvent seier nei til homofilt samliv. Når Paulus ikkje skil mellom ulike former for seksualitet, må det forståast som ei grunnleggjande avvising av samkjønna samliv. For Jesus er ekteskapet den einaste gudvilja ramma for seksuelt samliv. Han grip tilbake til den første skapinga og viser til ulikskapen mellom mann og kvinne som grunngeving for det livslange, monogame ekteskapet, sier Hagesæther.

- Han nemner kor raust Jesus møtte dei som var marginalisert og utstøtt:

- Som Jesus møtte oss, skal vi møta kvarandre. Men vi må, for å tala sant, ta med at i dei same forteljingane kallar Jesus til omvendning og eit nytt livsmønster, sier biskopen.

Hagesæther meiner ingen av tekstane som omhandlar homofili opnar for aksept av dette.

Av John Solsvik

Uttale fra lederen i lærenemnda

"Lærenemnda sier ikke at 'homofilisaken ikke er kirkesplittende, og heller ikke at den er kirkesplittende. Men den kan bli det, understreker professor Torleiv Austad."

Torleiv Austad, lederen i Den norske kirkes lærenemnd, mener faren for at homofilisaken blir kirkesplittende, er større enn mange tror.

Jan Arild Holbek
janah@vl.no

-Situasjonen burde tilsi at de som er interessert i det økumeniske fellesskap i Norge og i samholdet i Den norske kirke, ikke presser gjennom vedtak som likestiller de to syn og gir rom for at begge kan praktiseres i kirken, skriver Austad i en artikkel i Luthersk Kirketidende med overskriften -

Splittelsen i Lærenemnda.

- Hittil har jeg uttalt meg formelt som nemndleder. Nå går jeg for første gang offentlig ut med mitt personlige syn. Jeg er sterkt bekymret. I denne situasjonen maner jeg til økumenisk ansvarlighet. Den norske kirke må besinne seg, for å unngå splittelse eller avskalling, sier professor Torleiv Austad ved Menighetsfakultetet til Vårt Land.

Delt

Lærenemnda som presenterte sin uttalelse for halvannen måned siden, deler seg nøyaktig på midten i syn på homofilt samliv. -Synene begrunnes så forskjellig at halvparten av nemndas medlemmer sier at de to syn er uforenlige, konstaterer Austad. Han peker på at det i nemnda er enighet om at -de bibelske tekster som omhandler homoseksuelle handlinger, etter sin ordlyd er klart avvisende til slike handlinger. -Etter å ha lest begrunnelsen som



Torleiv Austad

anføres til støtte for homofilt samliv, sitter jeg igjen med et stort spørsmål: Betyr tydelige bibeltekster så lite? Austad mener at det -under henvisning til evangeliet, konstrueres (det) en etikk som står i fare for å bli mer tidsriktig enn skriftriktig.

-Når nå halvparten av Lærenemnda bruker evangeliet, Jesu eksempel og nestekjærlighetsbudet til å frigjøre seg fra den skapelsesmessig begrunnede kjønnsdifferensiering og kjønnskomplementaritet, er det grunn til å etterprøve deres argumentasjon. Etter mitt skjønn er den teologiske begrunnelse for homofilt samliv basert på en holdning til de bibelske tekster og den apostoliske tradisjon som undergraver Skriftens autoritet i et viktig læremessig spørsmål.

Mannen som har ledet arbeidet i Den norske kirkes læreorgan, slår nå fast at -uenigheten mellom de to gruppene i nemnda kan få vidtrekkende konsekvenser for Den norske kirke:

-Halve nemnda sier uttrykkelig at to uforenlige syn ikke kan være

retningsgivende for lære, ordninger og liturgi. Det betyr at Kirkemøtet ikke kan fatte et vedtak som gir rom for forskjellige ordninger, enten det nå dreier seg om en liturgisk ordning for inngåelse og velsignelse av partnerskap eller en praksis som åpner for vigsling, tilsetning og bruk av samlevende homofile i vigslende stillinger i kirken. Dette skaper en tilspisset situasjon i kirken.

Torleiv Austad minner om at Lærenemnda ikke sier at -homofilisaken ikke er kirkesplittende, og heller ikke at den er kirkesplittende. Men den kan bli det. Det er vel ikke usannsynlig at Kirkemøtet 2007 vil bli en prøve på om dette vil skje. Han forventer at Den norske kirke nå går inn i et seriøst teologisk arbeid om homofili.

- Det var ikke Lærenemndas oppgave å vurdere de kirkelige konsekvenser av uenigheten som kom fram i nemnda. Det er en debatt som kirken nå må ta.

- Hvordan vil det gå?

- Det avhenger mye av om Kirkerådet opptre ansvarlig. - Hva mener du at Kirkerådet må gjøre? - Oppmerksomheten må rettes mot den teologiske argumentasjonen som begge sider i nemnda har lagt fram. Kirken må utfordres til å vurdere de ulike argumentasjonene. Mitt håp er at mange vil innse at de to homofilisyn er så forskjellige, at de ikke begge lar seg praktisere i form av liturgisk praksis og kirkelige ordninger. Man må simpelthen velge, sier Austad.

Uttale fra Prost Erling Kopperud

Jeg slutter meg til den konservative delen av Lærenemnda som hevder at uenigheten i synet på homofilt samliv ikke bare dreier seg om et etisk enkeltspørsmål, men om synet på Skriftens autoritet i etikken. Så viktig det enn er at en i den offentlige debatt viser respekt for hverandres standpunkt, betyr ikke det at alle syn skal betraktes som likestilte. Disse medlemmene peker videre på at det i kirken finnes to syn som er uforenlige, og at ikke begge kan være retningsgivende for

kirkens lære, ordninger og liturgi. Det vil uten tvil være en stor økumenisk belastning om Den norske kirke skulle endre syn på homofilt samliv.

Her må vi simpelthen velge, og da mener jeg at Torleif Austad har rett når han hevder at den teologiske begrunnelse for homofilt samliv er basert på en holdning til de bibelske tekster og den apostoliske tradisjon som undergraver Skriftens autoritet i et viktig læremessig spørsmål.



Etter Lærenemnda

Utdrag av kommentar frå generalsekretær Karl Johan Hallaråker i Indremisjonsforbundet

Viktig avklaring

Uttalen avklarar at halve nemnda og fleirtalet av biskopane lærer i strid med Bibelen. Dette er vranglære som fører menneske vill. Det er positivt at den andre sida i nemnda seier nei til at kyrkja kan ha to syn og to ordningar som står i motsetning til kvarandre. Med det bør det vera klart at det ikkje meir er grunnlag for teologisk samtale med vranglærarane.

Meir enn etikk

Lærenemnda avgrensar spørsmålet om homofilt samliv til usemje om eit etisk spørsmål. Det undrar meg at dei ikkje vågar å sitera 1. Kor 6,9 fullt ut. (Tilvisinga til å arva Guds rike eller ikkje, er utelate frå Lærenemnda.) Der står spørsmålet (saman med anna synd!) saman med "å arva Guds rike eller ikkje." Difor dreier dette seg om noko langt alvorlegare enn om kva som er forsvarleg moralsk liv.



Homofilisaka er i Bibelen relatert til sentrum i den kristne trua – om å bli frelst eller gå fortapt. Det er dette som gjer saka så alvorleg at kompromiss med vranglære er umogeleg!

Aktuelle konsekvensar

Alle som i den offisielle norske kyrkja står på ein heil Bibel, fortener omsorg og støtte. Desse vil kanskje oppleve det hardaste presset både nå og framover mot handsaminga av dokumentet i Kyrkjemøtet.

Misjonsorganisasjonane må vera tydelege i nei til åndeleg samfunn og samarbeid med vranglærarar. Indremisjonsforbundet har forresten teke prinsipiell høgde for dette i sitt skrift Syn og retningslinjer: Vi føreheld oss ikkje til embetet, men til innehavaren. Fedrane våre sa klart nei til samfunn og samarbeid med åndelege leiarar som lærer i strid med Guds ord.


Heile kommentaren av Karl Johan Hallaråker kan lesast på nettet: <http://www.imf.no/> under Aktuelt, Dokumentarkiv.

sjå også www.kyrkja.net/ressln.htm

I mai måned er Hjelme gamle kyrkje ferdig oppussa utvendig.
Vi ser difor fram til å ta denne kyrkja i bruk att i sommarhalvåret til kulturarrangement, bryllaup og enkelte gudstenester.
Nedanfor inviterer vi til dei første arrangementa dette året. Velkommen til musikalske hyggestunder i Hjelme gamle kyrkje!

Salmar i gamal og ny drakt

På gjengrodde stiar



Tirsdag 23. mai kl. 19.30

Konsert med: Torgeir Landrø - orgel
Tore H. Sævik - gitar
Rune Landrø - saksofon
Ingrid Grøvan - Sang

Torsdag 25. mai kl. 19.30

Konsert med: Synnøve S. Voldsund - sang
Vegard Voldsund - piano/percusion
Arve Voldsund - gitar
Kjetil Gilberg - bass

Konsertane vert i gamle Hjelme kyrkje. Pris per konsert: kr. 50,-

Flåten & Sæle TRADING

Vi har alt til hagen din!

- Sommerplanter
- Stauder
- Busker
- Trær
- Fine hagefigurer
- Plantejord
- Jordforbedring
- Dekkbark
- Gjødning for plen og bedd
- Spon(strø) for kompostering og for fjøsdrift

Vi held til på Kvalstasjonen i Blomvågen

Ved større kjøp kan varene leveres fritt.

Ta kontakt pr. tlf. 56 38 93 05 eller kom innom.

Flåten 93 23 23 40 - Sæle 93 23 23 48

www.fs-trading.no

e-post: post@fs-trading.no

Din totalleverandør i Øygarden

 ØYGARDEN
BYGGSENTER

 TH
BHAS BYGG

 ØYGARDEN
BOLIGUTVIKLING

Tlf. 56 38 28 00, faks 56 38 28 09

Adr. Påluneset, 5337 Rong

www.th-bygg.no

Øygarden Cafe og Catering Tjeldstø

Har lokale til ca 100 personer.

Arrangerer byllaup,
konfirmasjonar og andre
tilstellingar.

Kan levera mat til alle
anledningar.

Middag, koldtbord og snittar.

Tlf. 5638 9380

Inderøy Taxi & Transport

1 - 11 passasjerer

Rullestol

Telefon: 56 38 77 73
Mobil: 90 59 90 59

BERGEN OG OMEGN BEGRAVELSEHJELP



K.H. Poideen
Tlf. 56 33 45 88

Tom Wilson
Tlf. 55 18 50 80

Teatergt. 20, 5010 Bergen

Tlf. 55 21 44 50

Mobil 917 51 700

- DØGNVAKT
- PARKERING
- BLOMSTER
- MONUMENTER

Vi utfører alt det praktiske eller tilsettelegger
for pårørende som ønsker å gjøre noe selv.



Åsane Begravelsesbyrå AS

v/Johannes Blom

Vi står til teneste med alt vedr. gravferd

Tertnesvegen 99, 5114 TERTNES

Døgnvakt tlf.: 5518 9000

Solstrands Begravelsesbyrå



Herman Fossgt. 11, 5007 Bergen

Telefon 55 55 16 16 hele døgnet

E-post: post@solstrands.no

Vår erfaring - din trygghet

Rossnes Taxi

Magne Ingvald Rossnes.

Tinging av turar på

tlf: 56 38 91 91/ 951 12 634

Gravminner

Leveres ferdig montert med garanti.

Be om katalog og pris.

Skrifthugging og oppussing utføres.



Bjørn Solheimslid

5336 TJELDSTØ

Tlf. 5638 9534 / 4004 1045



”Jeg har en venn som har gitt sitt liv”

Av Arne Johan Sæle

*Jeg har en venn som har gitt sitt liv,
for at jeg skal få leve.
Det finnes intet alternativ,
det nytter ikke å streve.
Fordi jeg lever så milevidt
ifra Guds vilje med livet mitt,
fikk jeg dommen, slik lød den:
Du skal dømmes til døden!*

*Denne dommen er absolutt,
og jeg kan ikke anke.
Men når jeg innser at alt er slutt,
har Gud en frelsende tanke:
Til jorden sender han Jesus som
tar på seg både min skyld og dom,
og når han drepes uskyldig,
blir min dødsdom ugyldig.*

*Tenk, jeg skal ikke dø fordi
Jesus døde i stedet.
Min angst for døden er nå forbi,
den er byttet med glede.
Ja, Jesus, hjelp meg klart å forstå
at det livet jeg lever nå,
det er ditt liv alene,
det er deg jeg skal tjene.*

For nokre veker sidan var me samla ein del norske til fellesskapskveld her i Aserbajdsjan. Det er ikkje så ofte me kun er norske og kan synge norske songar. Me hadde nokre salmebøker og nokre gamle slitne ”Rop det ut” songbøker. Første forslag til song var ”Jeg har en venn som har gitt sitt liv.” For meg var det eit flott møte med denne songen igjen. Dette var ein ”slager” i skulelaget hugsar eg. No er

det nokre år sidan eg har sunge denne songen, men den formidlar det heilt sentrale i evangeliet; at eg skal få leve fordi ein annan har døydd i staden for meg. Det er nettopp dette me prøver å formidle til enkeltmenneske her, men som ofte er så vanskeleg både å forklare og å forstå.

Utfordringa går vidare til Ellen Sæle Hansen i Etiopia.

Konfirmantleir

Konfirmantane i år er ein livleg gjeng! Mange av dei var med på leir i Sætervika 17-19.februar. Her kan du sjølv få nokre glimt av leirlivet:



Helene og Marion legg ut på isen



Katrine og Miriam har det triveleg på leir

Innsatsen og innlevinga er stor under Crazy Games!



Leiarane har det i alle fall gøy



Kanotur på fjorden i vakkert februarvær



Preben og Joakim

Påkestoff til sals!

På kyrkjekontoret ber og minibokhandelen preg av at det er påsketider. Kva med å gje til dømes fadderbarna dine ei påminning om påskebodskapen? På kyrkjekontoret sel vi gode bøker, CDar og DVDar. Spesielt vil vi anbefale ulike *bibelfilmar* som vi sel rimeleg til 129 kr. Sett av tid i påska til ein filmkveld for heile familien! Velkommen innom!

Elles vil vi nemne at boka **Helsearbeid i skiftande tider** (av M. Helland/I. Fykse) no vert selt for 200 kr. Heile summen går til eit misjonsprosjekt i Blå-Nildalen i Etiopia i regi av NMS.



NORSK LUTHERSK
MISJONSSAMBAND

MØTE
HJELME KYRKJE

ONSDAG-TORSDAG: 29-30/3. KL.1930
ODDVAR RISØY

MISJONSHELG

"Uendra oppdrag – misjonsarbeidet i ei ny tid".

VIK BEDEHUS 31/3-1/4

FREDAG 31/3 kl. 1930

Song av Kretsmannskoret

LAURDAG ¼ kl. 1700

Orientering om Jinka

Gruppe frå Kongshaug musikkgymnas
Kveldsmat

SØNDAG 2/4 kl.1100 NB.NB.NB (Endra tid)

Familiegudsteneste Blomvåg kyrkje

Song av Vik mannskor

SØNDAG KL.1630

Familiesamling Vik bedehus

Jubelkoret – Lyskastaren

Utdeling av biblar til 5-åringane

Utlodning

Talarar

Kenyamisjonær Erling Lundeby og leiar
i krinnsstyret Oddvar Risøy.

INVITASJON! KULTURTREFF

PÅ TEDNEBAKKANE OMSORGSSENTER

ONSDAG 5. APRIL kl. 16.00

Vi ynskjer deg over 60 år velkommen til
KULTURTREFF på Tednebyggane omsorgssenter
på Rong.

Dersom du vil /må ha følgje, tar du dei med.

Me byr på eit variert kulturprogram:
Kåseri: "La nota gå" ved Aksel Kloster
Musikk og song ved Alis Pfeiffer, Geir
Barsnes og Terje Onstad
Kveldstankar ved Else Austbø

Allsong, sosialt samvær og servering
av kaffi og kaker

Velkommen til ein koseleg ettermiddag!

Helsing
Ingunn Teigen
leiar pleie - og
omsorg



sponsa av
 SparebankenVest
- satser på Vestlandet



Møte for NORMISJON i Øygården

24. – 28. april v/Åge Hunnestad

24.4: Oen bedehus kl 19.00
04.4 Hjelme kyrkje kl 19.00
26.4 Blom bedehus kl 19.30
27.4 Vik bedehus kl 19.30
28.4 Vik bedehus kl 19.30



SparebankenVest

- satser på Vestlandet

NB! Ny brød- og ferskvareavdeling!



RONGEBUA

- Stor jernvare
- Interiørvareavdeling

Tlf. 56 38 71 40 RONG SENTER

Konfirmant i år?

Vi gir 10% ved kjøp av lys servietter og bordpynt
Mange nye tekstiler i fine vårfarger

Mand-fred 10-18
Lord 10-16
Tlf. 56 38 86 00
Fax 56 38 85 99



Gave & Interiør

RONG SENTER

TIMEBESTILLING 56 38 73 90



RONG SENTER

Catering - Snitter/koldtbord + Varm mat



Telefon 56 38 74 54

Rong Senter, Boks 13, 5331 Rong

Bli brun selv om det regner

Ønsker du å leie sol hjem?

Ring B-P-S Solutleie. Vi kan tilby 12--rørs solhimmel eller 20-rørs solseng med god kvalitet fritt levert Sotra og Øygarden

Tlf 56 38 74 54 (dag), 56 38 73 22 (kveld) eller 91 85 62 58.

BPS

Solutleie v/Arvid Rong

56 38 74 54 / 56 38 73 22

NYHET!

Ionic - Detox™ MK2

ØYGARDEN HUD & KROPPSPLEIE

Rong senter • 56 38 95 15

- Forbedrer helsen
- Gir energi
- Bedrer fordøyelsen
- Bedrer pusten også ved astmaproblemer
- Hjelper lever/nyrer
- Motvirker stress
- Bedrer søvnvanene
- Psoriasis / Hudproblemer
- Gir bedre blodsirkulasjon



Butikken har blitt mye større, med stort utvalg av godbiter fra vårt kjøkken.

- * Moderne bilverksted m/EU-kontroll
- * Reparasjon av alle bilmerker
- * Moderne vaskehall



BLOM SERVICESENTER AS

5331 RONG - tlf. 56 38 72 80

Godkjent bilverksted



TORSVIK ELEKTRISKE AS

Torsteinsvik - 5337 RONG

Tlf. 56 38 50 00

Vaktelefon 922 34 062

www.torsteinsvik.no

Installasjon industri, bolig
Data- og telenett
Alarmanlegg
Antenne/parabolantenn
Elektroverksted
Elektrisk forretning



aut. elektrisinstallatør

Tlf. 56 38 94 24

Mobil: 928 41 790

E-mail: post@oygarden-elektriske.no

DALEKLETTEN
5337 RONG
TLF: 56 38 87 32
FAKS: 56 38 87 32
MOBIL: 91 16 83 75

TORSVIK MUR
VIDAR VIK TORSVIK
MURMESTER

Alt i mur-, puss- og flisarbeid



-fagkunnskap gir trygghet.



Harkestad Betong AS

Utsalg på Straume
Tlf. 56 33 00 70

Betong og betongprodukter

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01
5336 TJELDSTØ



Malvin Harkestad & Sønner AS

Alt i grunn- og betongarbeid

Tlf. 56 38 25 00 - Fax 56 38 25 01

GUDSTENESTER

- 02.april **Blomvåg kyrkje kl.11:00** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Tale v/ Kenya-misjonær Erling Lundeby frå NLM. Offer til NLM. Nattverd. Årsmøte etter gudstenesta, med middag som startar ca. 12:30.
- 09.april Palmesønd. **Hjelme kyrkje kl. 11:00** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Offer til Normisjon. Nattverd. Kyrkjekaffi
- 13.april **Hjelme kyrkje kl. 19:00** Skjærtorsdagsmesse v/ Svenn Martinsen. Nattverd
- 14.april **Blomvåg kyrkje kl. 19:00** Langfredagsgudsteneste v/ Svenn Martinsen
- 16.april Påsked. **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Høgtidsmesse v/ Svenn Martinsen. Offer til Bibelskulen Bildøy. Nattverd. Høve til dåp
- 17.april 2.påsked. **Hjelme kyrkje kl.19:00** Høgmesse v/Svenn Martinsen. Offer til Norsk misjon i øst. Nattverd. Høve til dåp
18. april **Hjelme kyrkje kl. 18:00** Samtalegudsteneste for konfirmantane v/Ranveig V. Vik.
20. april **Hjelme kyrkje kl. 18:00** Samtalegudsteneste for konfirmantane v/ Ranveig V. Vik
- 29.april **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/ Svenn Martinsen. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 30.april **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/Svenn Martinsen. Offer til Familie og Medier. Dåp.
- 06.mai **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/Svenn Martinsen. Offer til Normisjon.
- 06.mai **Hjelme kyrkje kl. 13:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/Svenn Martinsen. Offer til Laget.
- 07.mai **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Konfirmasjonsgudsteneste v/Svenn Martinsen. Offer til kyrkjelydsarbeidet.
- 14.mai **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Familiegudsteneste v/Helge Unneland. Utdeling til 2 og 4 åringar. Offer til Den Norske Israelsmisjon.
- 17.mai **Blomvåg kyrkje kl. 10:30** Familiegudsteneste v/Svenn Martinsen. Offer til korps og kyrkjelydsarbeidet.
- 17.mai **Hjelme kyrkje kl. 12:30** Familiegudsteneste v/ Svenn Martinsen. Offer til korps og kyrkjelydsarbeidet.
- 21.mai **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** v/Heimlie/With. Offer til Samemisjonen. Nattverd.
- 21.mai **Hjelme kyrkje kl. 16:00** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Song av Øygarden gospel. Offer til Evangeliesenteret. Nattverd. Høve til dåp. Kyrkjekaffi.
- 25.mai **Vik bedehus kl. 11:00.** Gudsteneste. Song av Vik mannskor
- 28.mai **Blomvåg kyrkje kl. 12:00** Familiemesse v/Svenn Martinsen. Song av Jubelkoret. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Nattverd. Kyrkjekaffi.
- 04.juni **Blomvåg kyrkje kl. 11:00** Pinsedag Høgmesse v/Svenn Martinsen. Offer til Misjon uten grenser.

KYRKJELEGE HANDLINGAR

Døypete

Blomvåg

Leah Rong Andersen, Rong
Ole Johan Sørbø, Pålsmeset
Marie Elise Sørbø, Pålsmeset
Noah Drange Rong, Dalekletten
Sebastian Breivik, Knappen
Simen Falch Rong, Veslevarden (Olsvik kyrkje)
Sebastian Måge, Vik
Daniel Toft Landaas, Rong
Maria Flåten, Vik
Gabriel Sæle, Oen

Døde:

Blomvåg

Betsy Toft, Toft. f. 1919
Ragna Vik, Vik. f.1917
Betzy Ruth Vik, Bergen. f. 1929
Bjarne Dale, Blomvåg. f. 1916
Ninni Husebø, Raudhamaren. f. 1952
Mikkel Johan Olsen, Veslevarden. f. 1995
Målfrid Karin Heggøy, Bergen. f. 1948

Hjelme:

Judith Amanda Heggøy, Tednebakkane. f. 1919
Anskar Heggøy, Heggøy. f. 1936

TIL LUKKE

70 ÅR

12 .april Margrethe Myklestad, Veslevarden
20.april Norvald Ole Bekkenes, Dåvøy
28.april Norvald Heggøy, Heggøy
08. mai Alfred Andreas Alden, Pålsmeset
08. mai Nils Gjengedal, Søre Sæle
08.mai Oline Kristine Torsvik, Søre Sæle
22.mai Borgny Liv Knappen, Hellesøy

75 ÅR:

25.april Luciana Dina Pina Hovden, Hovden
06.mai Anders Johannes Herdlevær ,Toft
19.mai Haldis Vik, Torsvik

80 ÅR:

27.april Olga Lorentse Mikkelsen, Knarvik
22.mai Johannes Martin Sture, Hernar

85 ÅR:

09.april Anny Fjeldstad, Tjeldstø
03.mai Ole Bertin Tellnes, Torsvik

90 ÅR:

14.mai Pauline Nilsen, Rong
23.mai Agnes Marie Stølsnes, Nordre Sæle

Hørselkontroll

Hørselkontroll er eit tilbod til eldre og uføre som ynskjer hørselmåling og/ eller utprøving av høyreapparat, eller som vil ha kontroll av det høyreapparatet som dei alt har. Ta kontakt med Øygarden kommune, Eleri Mai Oen Fossem, 56 38 23 54 mån - fre 0900-1400 for nærare informasjon.



Skrik for fattige

Konfirmantane i Øygarden skal gå frå dør til dør og samle inn pengar til fattige born i ørkenlandet Mali i Afrika. Late mannfolk er mykje av årsaka til fattigdommen.

Av Leif Gunnar Vik

Mali er det femte fattigaste landet i verda. -Det er deprimerande lite ein kan gjere for å få det betre i dette landet. Dei har det så fattegsleg som det går an, seier styreleiar i Strømmestiftelsen, Geir Magnus Nyborg. Han var i Mali for to månader sidan og såg med sjølvsyn kor folket slit med å få endane til å møtast.

Late mannfolk

-Mennene ligg på benkar utanfor husa. Dei gjer ingenting. Kvinnene må gjere alt, og mennene bare ventar på å bli varta opp med teen sin. Det er eit enormt press på konene. For å få unna alle oppgåvene held dei ofte ein eller fleire av døtrene sine heime frå skulen for å få hjelp, seier Nyborg. Det uvante kjønnsrollemønsteret har gjort at Strømmestiftelsen rettar sitt hjelpearbeid mot kvinnene.

Skulehjelp

Pengane som no blir samla inn i Øygarden går inn i eit prosjekt som skal få jentene tilbake på skulebenken. -Vi har eit skuletelt som blir slått opp inne i landsbyane. Der samlar vi saman dei som har slutta på skulen og gir dei oppfølging og hjelp. Når dei har fått den hjelpa dei treng, kan dei gå tilbake til skulen. Når vi er ferdige i ein landsby, tar vi skulehuset ned og set det opp i neste landsby. Utdanning er sjølv nøkkelen ut av fattigdommen, det er nøkkelen til utvikling. Derfor må barna få seg skulegang, seier Nyborg.

Mindre vald

Strømmestiftelsen gir kvart år to tusen barn i Mali hjelp til å komme tilbake til skulen. I tillegg har dei oppretta små bankar som kan låne ut pengar til dei som vil komme seg i arbeid.



Styreleiar i Strømmestiftelsen, Geir Magnus Nyborg, ropar om hjelp til dei fattige i Mali.

-Då er det konene som får lån og så må dei gje pengane vidare til mennene sine. Denne modellen gjer at kvinnene blir sterkare. Hadde vi lånt ut pengar til mennene ville dei brukt dei på spel, alkohol og andre ting til seg sjølv. Men kvinnene investerar pengane i familien si framtid. Om mannen treng pengar, må han gå til kona og spørje. Å satse på kvinnene har ført til mindre vald og meir optimisme, seier Nyborg.

Gratis stige

-Kvifor skal Øygardsfolket gje pengar til konfirmantaksjonen?

-Dette prosjektet skaper store endringar i eit land der innbyggjarane er lutfattige. Vi får vere med å sikre at så mange som mogleg får lære å lese og skrive. Det er einast veg opp frå den skrikande fattigdommen. Vi kan ikkje løfte dei ut, men vi kan gje dei ein stige – og klatringa må dei sjølv ta seg av. Dei aller fleste fattige i Mali klarar å gjere underverk bare dei får reiskapen. Den er det vi som må gje dei.

• Fakta

- Torsdag 6.april går konfirmantane i Øygardskyrkjelydane frå dør til dør og samlar inn pengar. Aksjonen vert kalla SKRIK, og det er Strømmestiftelsen som står bak aksjonen saman med Blomvåg og Hjelme kyrkjelydar.
- Pengane går til å hjelpe fattige barn og unge i det vest-afrikanske ørkenlandet Mali slik at flest mogleg der kan få gå på skule.

- Mali er det femte fattigaste landet i verda. Landet har 13 millionar innbyggjarar. Bare 24 prosent av unge mellom 15 og 24 år kan lese og skrive. Dei skulene som er, manglar oftast lærarar, bøker, pultar og anna utstyr.
- Mange born får ikkje lov å gå på skule av foreldra – fordi foreldra treng hjelp i heimen. Desse borna hjelper Strømmestiftelsen ved å gje dei spesialtilpassa undervisning.